

Handlingsplan for likestilling og mangfald/ Gender Equality Plan (GEP) for Vest-Telemarkrådet

Vest-Telemarkrådet erkjenner verdien av kjønnsbalanse og mangfald som ein grunnleggande del av organisasjonen si utvikling, kreativitet og effektivitet. Denne planen har som mål å fremje likestilling og sikre like moglegheiter for alle tilsette uavhengig av kjønn.

Kjønnsdelte data:

Rolle	Kjønn	Stillingsstorleik
Leiar	Kvinne	100 %
Digitaliseringsleiar	Mann	100 %
Utviklingsleiar	Kvinne	100 %
Prosjektleiarar	Kvinner	200 %

Hovudmål: Vest-Telemarkrådet skal sikre eit trygt og inkluderande arbeidsmiljø fritt for trakassering og diskriminering.

Rekruttering og utvikling

Ta omsyn til kjønnsbalanse og mangfald i eigen organisasjon og i arbeids- og styringsgrupper i ulike prosjekt.

Ansvar: Administrasjonen

Likestilte arbeidsvilkår

- Lik løn for likt arbeid under føresetnad av like lang utdanning, erfaring og liknande.

Ansvar: Lønsmemnda (som er arbeidsutvalet)

Tidsfrist: Innan 1. desember kvart år

Bevisstgjerung og kompetanseutvikling

- Bevisstgjerung og kompetanseutvikling når det gjeld kjønnsbalanse, mangfald og inkluderande arbeidskultur.
- Fremje bevisstheit rundt ubevisste fordommar.
- Etablere klare rutinar for handtering av eventuelle tilfelle av kjønnsbasert diskriminering.

Ansvar: Dagleg leiar

Inndekning av tiltak vert gjort over budsjettet sitt ansvar 1100 Administrasjonen.

Oppfølging og evaluering

Planen skal evaluerast årleg for å sikre at måla vert oppnådd og for å identifisere nye tiltak som kan styrke likestillingsarbeidet. Evalueringa skal utførast av ein likestillingskomité som for Vest-Telemarkrådet er AU (arbeidsutvalet).

Forankring

Handlingsplan for likestilling og mangfald er forankra i lovverket og Vest-Telemarkrådet sine verdigrunnlag. Den skal vere eit levande dokument som justerast i tråd med organisasjonen sine behov og den generelle samfunnsutviklinga.